



Utviklingsplan for Volda

Sluttrapport juli 2015



Gehl
Architects


pwc

Aktørane bak utviklingsplanen

Konsulent

Gehl Architects

Ola Gustafsson - prosjektleiar, arkitekt

ola@gehlarchitects.dk

Anne Sofie Kvist, prosjektarkitekt

Karin Brodin, assistent, landskapsarkitekt

Drew Pinazza, assistent, arkitekt

Kym Lansell, assistent, landskapsarkitekt, social science

Maria Wass-Danielsen, mobilitetseksper

PwC

Trygve Sivertsen, samfunnsplanleggar, prosesseksper

Kunde

Mellom Bygningane i Volda -Arbeidsgruppe

Stefan F. Halck (prosjektleiar), Volda Næringsforum

stefan@voldaforum.no

Torgeir Stensø

Regine Solberg Aklestad

Prosjekt- og styringsgruppe

med representantar frå næringsiv, lag og organisasjonar, Høgskulen i Volda, Ungdomsrådet i Volda, STiV, politikere og administrasjon i Volda kommune



Innhold

Forord. 3

Introduksjon

Metode og prosjektplan 6

Arbeidsmøte 7

Delanalysar 14

Hovudplan. 18

Temaer for utviklingsplanen

Identitet & særpreg 24

Parkering & trafikk 30

Fortetting 50

Belysning 54

Grønstruktur. 62

Skiltning, kunst & byromsutstyr 70

Fokusområde

Plassen ved Sørheimhuset. 86

Voldaparken 90

Volda hamn 94

Hamnegata 98

Elvedalen 104

Prosess

Oversikt. 112

Utgreiing 114

Forord

Volda sentrum har mange gode kvalitetar som gir eit godt utgangspunkt for utvikling. Gjennom prosjektet "Mellom bygningane i Volda" vil vi utvikle sentrum til å verte endå meir attraktivt for handlande, besøkjande og dei som driv næring. Dei som bur i Volda skal oppleve eit sentrum der det er endå meir triveleg å bu og opphalde seg. Sentrumsprosjektet er eit samarbeid mellom Volda kommune, lokalt næringsliv og Møre og Romsdal fylkeskommune.

I utforminga av det fysiske miljøet i sentrum er det vesentleg å ta innbyggjarane med på råd. Vi har spurt voldingane om kva dei set pris på og kva som kan forbeistrast. Vi har fått mange gode svar.

Det er lagt vekt på å få fram eit tydleg bilete på kva som er Volda sitt særpreg. Sentrale element i vår identitet skal takast vare på samtidig som vi opnar for utvikling og framtidsretta løysingar. Planen peikar konkret på områder i Volda sen-

trum som skal ha spesiell merksemd. Planmessig disponering av tilgjengeleg areal vil vere sentralt. I komande år kan gjennomgangstrafikken i større grad verte flytta ut av sentrum. Det vert då sentralt å utvikle eit sentrum som tek i vare ulike omsyn og brukargrupper. Avgrensa areal i sentrum vil stille krav til fortetting.

Vi ynskjer eit levande sentrum og vil legge til rette for møteplassar. Skal ein lukkast med dette må ulike møteplassar definerast og gjev-ast kvalitetar som trekker folk til seg. Realisering av planen vil gå over år og vere avhengig av felles innsats.

Ei planmessig og berekraftig utvikling vil vere gode verktøy på vegen mot rikare mål og ei positiv framtid for Volda sentrum.

Arild Iversen

ordførar, Volda kommune



INTRODUKSJON

Prosess

Introduksjon - metode

Gehl Architects tilnærming handlar om å sette mennesket i sentrum for byutviklinga. Utforminga av det fysiske miljøet skal difor syte for eit godt byliv for alle i Volda.

LIV

Gehl Architects tilnærming startar med ei inventering og analyse av livet som finns på plassen og det potensiale for byliv som dei ulike gruppene kan hjelpe til med. I Volda har dette vorte gjort gjennom møter med lokale representantar, besøk og observasjon, samt gjennom offentlege opne møter og arbeidsmøte.

ROM

Neste steg i den "Gehlske" modell handlar om korleis byromma kan innby til det liv vi gjerne vil ha, gjennom god utforming og kvalitet på byromma og aktivitetar som innbyr inn til opphald og rekreasjon. Utviklingsplanen og dei ulike delplanane handlar først og fremst om byromma si utforming og sin karakter, og korleis dei vert kopla saman til eit nettverk som oppmuntrar til å forflytte seg til fots og på sykkel.

BYGNINGAR


Planen inneheld og retningslinjer kring korleis bygningar og funksjonar kan støtte opp under kvaliteten og attraktiviteten av byromma, med retningslinjer for fasader og skilting, og muleheiter for fortetting.

PROSESS

Med hjelp av PwCs ekspertise omkring kommuneprosessar, har vi skissert ein prosessplan som gjer greie for korleis planen kan omsettast i konkrete tiltak i samarbeid med private og offentlege aktørar og privatpersonar.

LIV

Aktivitetar, brukargrupper, trafikk...



ROM

Gaterom, møteplassar, beplantning, byromsutstyr...



BYGNINGAR

Funksjonar, skala, utforming, etasje i gatehøgde...



PROSESS


Samarbeid, planprosessar, implementering



Prosess

Tidslinje - utviklingsplan

Arbeidet med utviklingsplanen for Volda har vorte gjort i første halvdel av 2015 i nært samarbeid med prosjektorganisasjonen for “Mellom Bygningane i Volda”. Fokuset har vore å skape ein fleksibel og framtidsorientert plan som kan iversetjast i etappar med moglegheit for utvidingar og justeringar undervegs.



Arbeidsmøte i Volda

Forståing av Volda - via innbyggjarane

Ved oppstarten av prosjektet vart det arrangert eit folkemøte, og der ein inviterte til arbeidsmøte med formålet å avdekke kvalitetar og utfordringar i Volda i dag, samt ønskjer og visjonar for det framtidige Volda.





Arbeidsmøte 'Volda idag'

Kva likar folket med Volda?

Volda har i dag ei lang rekke kvalitetar som folk verdset (nedteikna av deltakarane):



Kvalitetar

Kva likar folk i
Volda?

Arbeidsmøte 'Volda idag'

Mindre godt i Volda

Og ei rekke utfordringar:

Riv Cubus!

**Bilar over alt!
Ikkje gøy å gå i sentrum
Envegskøynde gater
fungerar dårleg**

Lite informasjon om kultur og fritidstilbod

Lite tilgang til sjøen
Dårleg tilgjenge til Munken

Saknar leikeplass

Grått!

Få parkeringsplassar for funksjonshemma

Vanskeleg for rullestolbrukarar

Spinneriet tek for mykje plass
For mange kjøpesenter

Industriområde skuggar for utsikt

Mange stygge bygg sett frå sjøsida.

Huseigarar og dei som jobbar ikkje bryr seg om å rydde ute

**Kollektivtilbudet er særdeles dårlig
Dårleg knutepunkt
Saknar lokalbussene med enkel påstigning**

**Få levande fasader
Forskjellige og stygge bygg.**

Restaurere gamle gymnaset

Kyrkjegarden er ein skamplett!

Sivert Aarflot plassen er berre so kjedeleg! Mørkt på Uppheimsplassen

ingen aktivitet unntatt handel

Mange tome butikklokale

Få skjerma sitjeplassar
Mykje vind om sommaren

Utfordringar

Kva tykkjer folk fungerer mindre godt i Volda?

Arbeidsmøte 'Volda i framtida'

'Favorittfoto, Inspirasjon til det framtidige Volda

Ut frå inspirasjonsbilete ga detakarane uttrykk for kva dei ønskte å sjå i Volda.



Parkanlegg som inviterer til aktivitet



Strand/sjøpromenade. Leikeplass for barn. Badeplass i sentrum.



Ynskjer fleire benkar/sitjeplassar i og utanfor sentrumkjerna - gjerne under tak.



Isteden for innendørs leikeland kan det etableres slike leikeareal som giv liv i sentrum og gir et godt oppvekt miljø.



Bilfritt på "indre torg". Med mulighet for utekafear, leikeapparat ro og fred. Godt skjerma for "utrøna".



Gratitivveggi mange nye utgåver gjennom året, ikkje berre banne bannord under vegbruene.



Skikkelig venterom med toalett på busshaldeplassen (kollektiv knutepunkt)



Samlings/møtesplass. Flexibel. Campus. Uformelle, sosiale møteplasser. Gjerne med utsikt til fjellene

Eksempel på utvalde visjonsbilete

Kvalitetar

Kva ønskjer folk i Volda?

Arbeidsmøte 'Volda i framtida'

Konkrete forslag til Volda i framtida

Leik for born og vaksne!
Leikplass i sentrum!
Leike trygt!

**Utvikle Mylna
Betre vandresti**

Regntak over torget
Meir uteservering og
sitjeplassar
Leikeapparat med benkar

Bilfritt torg!

**Bygg hamnetrapp
Meir treplanting
Utvikle parkar med
kiosk**

Knyte faste
innbyggjarar og
studantar saman
Kulturhus

**Lage trappetrinn ned mot elva!
Forleng Elvadalen mot sentrumkjerna
Betre tilgang til friluftsområde**

Meir aktivitet i
tome lokale!

Utleige av kano/
kajak

Meir frisport på Årneset
Badeplass i hamneområdet

Venterom og toalett ved
bussterminal
Gjennomgåande
sykkelvegnett

Bondens marked.
Legg butikkar i gatene.
Kafe på Kiwi Heltne.

**Kafe med ølservering
Hengeplass for ungdom
Spreie info via
oppslagstavle, nettside**

Fjern huset som posten er i!
Byt sokkelen til propellen!
Riv Cubushuset!

Utvikle
strandlina!

**Fleire grøne lunger
Fleire møtestadar
Bruk frivillige organisasjonar**



Analyse - Volda i dag

Benkar i Volda



Innspel frå ansatte på rådhuset, 11. mars 2015

- Benkar som står ute heile vinteren
- Benkar som blir satt ut i somarhalvåret
- Stolar
- Ynskjebenkar
- ★ Benkar som ofte vert nytta
- ♥ Favorittbenkar

“Her settes det ut benkar om sommeren. Vert nytta som utandørs kantine for ansatte på rådhuset. Er ikkje spesielt godt tilrettelagt, er meir “midlertidig” løysing. Kunne tenkt meg noko meir skikkeleg. Solsida av huset, fint i

“Eg kunne tenkje meg ein fylling ut her, med eit “sjøbasseng” i midten. Då hadde ein fått ein badeplass litt skjerma for bølger. Tenk kor attraktivt det hadde vore med ein badeplass så nær sentrum!”

“Desse benkane blir veldig mykje nytta av studentar og ungdommar”.

“Her er det alltid folk når det er sol. Litt skjerma for trafikk. Fin utsikt.”

“Eg skulle ynskje det vart bygd glasstak over her, gjerne fram til Spinneriet. Her kunne det vore kafear og mange benkar. Dette er ei veldig fin gate, og “typisk Volda”; ein finner ikkje slike i dei andre sentruma rundt her.”


“Benken vert nytta som “børs” - samlingsstad for mellom andre eldre mannfolk.

“Litt for få benkar ved busstasjonen. Burde vore fleire rundt “skuret” og under tak”.

“Her er det fint å ete matpakka si.”

Analyse - Volda i dag

Hovudruter for gåande



Kartet syner nokre av hovudrutene og snarvegane for gåande i Volda. Det er ikkje gjort tellinger på hovudrutene, og kartet er basert på "antakelser".

Snarvegane er kartlagt av ansatte på rådhuset 11. mars 2015.

— Hovudrute

— Snarveg

▶ "Sifs alle".

▶ "Før kalte vi Halkjelsgata for "Gatå". Det er framleis fleire som berre kallar han for det; "Eg skal ned i Gatå.""

▶ "Det burde vore skilta/ lagt til rette for turruter "fra fjord til fjell" fleire stader i Volda, til dømes kunne desse tre rutene vore nytta. Rutene fungerer delvis i dag, men har fleire "missing links".

▶ "Her går det ei bru over elva. Brua er belyst. Snarvegen brukes som skolevei både til ungdomsskolen og Øyra skule, og er veldig mykje nytta."

▶ "Snarveg gjennom høgskulen. Nyttas også som skoleveg av barneskulebarn."



OVERSIKTSPLAN



This is a detailed overview map of a coastal urban area. The map features a light blue body of water on the left and bottom. The land area is divided into various zones: green for parks and green spaces, grey for residential or commercial buildings, and brown/orange for infrastructure and roads. A network of roads is shown in brown, with some roads highlighted in orange. A red dashed line outlines a specific area of interest. Numerous small red circles with letters (A, B, C, D, E, F, G, H, I, J, K, L, M, N, O, P, Q, R, S, T, U, V, W, X, Y, Z) are scattered throughout the map, likely indicating specific points of interest or locations. The map is oriented with the coastline on the left.

Oversiktsplan

1:3000

(sjå separat kart i skala 1:1000 for detaljar)

Oversikt

Fokusområde

Fokusområde (planer 1:500, prinsippsnitt og visjonscollage)

- ① Plassen ved Sørheimhuset - bygda sitt hjarte
- ② Hamnegata - bygda si framside
- ③ Voldaparken - invitasjon til lek og opphald
- ④ Elvedalskrydset - langs elva ned til fjorden



Prinsipp for utviklingsplanen

Område/ tema

Ei rekke grunnleggjande prinsipp har styrt utviklinga av planen, med formål om å konsentrere bylivet og skape tilgjenge til heile byen.



Indre bykjerne:

- Bygda si framside - ein konsentrasjon av sosiale funksjonar - restauranter/ kafear etc.
- Fotgjengarfokus - bilar er tillete, men berre på «vitjing»



Ytre bykjerne / strok:

- Konsentrasjon av arbeidsplassar / offentlege funksjonar samt sentrumsnære bustader
- Godt fotgjengarmiljø: fortau, kryss, pause, belysning
- Trafikkbalanse - tilgjenge for alle trafikantar


Prinsipp for utviklingsplanen

Område/ tema



Grøntområde - prinsipp:

- Hovudkoplingar - landskap til vatn: Elvadalen + Sivert Aarflots plass
- Opparbeide grøntområde ved sjøkanten
- Implementering av grøne rom - plass for spontan og eventyrleg leik



Plassar / aktiviteter / strok:

- Urbane strok - bind bykjerna saman med ytterområde / landskap. Bind byplassar saman til eit hovudstrok for gåande
- Grøntområde: Moglegheit for rekreasjon, tilgang til natur i bygdekjerna

**IDENTITET &
SÆRPREG**

Identitet & særpreg - fysisk miljø

Verdfulle element for Volda sitt særpreg

Følgjande tilhøve er identifisert som viktige for Volda sin identitet og særpreg. Desse bør takast i vare på eller utviklast med respekt for historia.



Trehusbygningar i det sentrale Volda

Dei samanhengande trehusbygningane rundt Halkjelsgata, Snippa og "Plassen ved Sørheimhuset" har eit stort identitetsverde for Volda og skaper karakter for heile bygda. Denne indre kjerna bør i så stor utstrekning som mogeleg haldast intakt, med moglegheit for å utvikle verksemder i lokala på grunnplanet. Areala i dette område bør først og fremst vere reservert til offentlege/ kommersielle funksjonar. Fasadane bør haldast i den same stilen som dei er i dag. Kompletterande bygningar i dette område bør tilpassast både når det gjeld skala, materialval og funksjon. Det same gjeld skiltinga.



Kyrkje & kyrkjegard

Kyrkja er ein viktig del av Volda si historie, og framstår som eit landmerke for det sentrale Volda. Kyrkjegarden har med få endringar potensiale i seg til å verte ein plass for kontemplasjon og ro, i kontrast til dei meir aktive grønne romma i bygda.

Identitet & særpreg - fysisk miljø

Verdfulle element for Volda sitt særpreg



Snarvegar & uformelle gangnett

Dei uformelle stiane gjennom det sentrale Volda innbyr til eit sekundært strok for gåande og som gir ein meir verna og grønare karakter i høve til øvrige gater og fortau. Desse bør takast vare på og verte tilgjengelege på ein respektfull måte, for å halde på den uformelle karakteren, men likevel med skilting og belysning som vert tilpassa småskala, og med fokus på dei gåande.



Historisk dyrka jord og jordbruksbygningar i byen

Den resterande dyrka jorda og jordbruksbygningar som ligg sentrumsnært i Volda, utgjør ein historisk verdi. Den framstår som eit levande "museum" over tidlegare æra og er ein del av det grønne nettverket, men inneber også moglegheit for fortetting av sentrum. Fortetting av sentrum må verte prioritert i tildlegare bygde område og basert på "infill"-prinsipp, og dernest vurdere ta i bruk dyrkbar jord. Jordbruksbygningar kan få ein ny funksjon som lokale for handelsverksemd, kontor, opplæring og liknande. Slik kan bygningane bidra til ei utvikling av lokalmiljøet med verna byggeskikk og identitet.

Identitet & særpreg - liv

Verdfulle element for Volda sitt særpreg

Følgjande aspekt knytta til Volda som lokalsamfunn vil vere viktige i den vidare utviklinga av byen, og bør nyttast som katalysator for eit rikare byliv i Volda.



Studiebygda Volda

Volda sin tradisjon som kunnskapsbygd går langt tilbake i tida og karakterierar livet i bygda. Dette særpreget kan utviklast vidare og nyttast aktivt som katalysator for endring i det offentlege rommet. Ein aktiv politikk for å gi plass til studentaktivitetar "på bygda" og moglegheit for å bruke studantar sin kompetanse innan kreative fag for å skape installasjonar og midlertidige byrom.



Levande historie

Voldingane er stolte over si historie, og det finns ein uformell forteljing om byromma og deira rolle i Volda opp gjennom åra. Gjer koplinga til historia tydlegare ved å gi byromma meir vekt gjennom å gi navn til plassar og snarvegar i Volda. Denne prosessen bør gjerast i dialog med voldingane for å sikre best mogeleg eigarskap og engasjement til byromma.

Identitet & særpreg - liv

Verdfulle element for Volda sitt særpreg



Samarbeid mellom næringsliv, kommune og innbyggjarar

Det finns i dag både formell, uformell og nær kontakt mellom private og offentlege aktørar i Volda. Ein styrke når det gjeld å utvikle byen og skape forandring. Ein bør vidareutvikle denne kulturen gjennom å bygge rammer for offentlig/ private samarbeid. Det vil gjere det enklare for innbyggjarane og private verksemdar å ta på seg ansvar for - og støtte aktiviteter og installationer i byromma. Byromsplanen kan i denne samanhengen fungere som den fysiske ramma for dette samarbeidet.



Volda som turistbygd

Volda har eit stort potensiale til å utvikle seg som turistbygd både på land og ved sjøen. Døme på aktivitetar for å utvikle turismen er:

- Gjestehamn med fleire båtplassar, betre servicebygg og ei utvikla sjøside
- Betre kopling mellom sentrum og Elvadalen
- Vegorientering til viktige destinasjoner i bygda
- Ulike arrangement gjennom heile året, som til dømes marknader, musikfestival, «hausttakkefest» med meir.



**PARKERING
& TRAFIKK**

Trafikk & parkering

Balanse mellom ulike typer trafikk

I utviklingsplanen skiljast det mellom trafikkbalanse i den indre bykjerna – der dei gåande er i fokus, og den ytre bykjerna, der det vert fokusert på god trafikkbalanse og tilgjenge for alle type trafikantar. I tillegg er hovudområdet for gåande prioritert mellom bykjerna og dei ytre byområda. Parkeringa vert organisert for å skape eit betre fotgjengarmiljø og synleggjere parkeringskapasiteten.




Indre bykjerne

- Prioritering av gåande
- Bilar berre på vitjing
- Visse korttidsparkeringsplassar for handel



Ytre bykjerne

- Trafikkbalanse
- Saktegåande trafikk
- Godt fotgjengarmiljø
- Gateparkering (parallel, korttids-) + P-plassar i utkanten (arbeidsplassparkering)



Omgivnader

- Godt fotgjengarmiljø
- Gode moglegheiter for vegkryssing
- Vegorientering for gåande
- Belysning i menneskeleg skala
- Gateparkering (parallel, korttidsparkering) + P-plassar i utkant (arbeidsplassparkering)



Hovudprinsippa for infrastrukturen i Volda er å fremme tilgjenge for alle, framfor rask framkome og “flyt” i trafikken. I dag signalerer byrommet at bilen er konge.

Trafikk & parkering

Infrastrukturplan - oversikt

Hovudprinsippa for infrastrukturen i Volda er å fremme tilgjenge for alle, framfor rask framkome og “flyt” i trafikken. Indre sentrum skal vere prioritert for gåande, og dei øvrige gatene i sentrum skal fungere som bygater med plass til alle saktegåande trafikantar.

Prioritering av byliv framfor fart

Bilar som skal køyre gjennom Volda brukar maksimalt eit par minutt på dette. Ein litt saktare gjennomfart påverkar den totale tida marginalt. Derimot påverkar trafikken omgivnadane negativt både i høve til miljøet og opplevd velvere. Ambisjonen bør vere å minimere trafikken effekt på bylivet, samtidig som det ikke skaper dårlegare tilhøve for handelslivet. Prinsippet bør vere maksimalt tilgjenge og minimal gjennomfart.

“Maksimalt” tilgjenge

For å skape maksimalt tilgjenge til handelsverksemdene og andre destinasjonar, bør bilar ha løyve til å ferdast i alle gatene som er utforma slik

at dei signaliserar prioritet for gåande. Innfarten frå Hamnegata til sentrum bør vere mogeleg på fleire stader og korttidsparkering for ulike ærend finns markert også i indre sentrum.

“Minimal” gjennomfart

For å redusere trafikken i og gjennom sentrum, bør det lagast ei rettleiing korleis ta seg fram til langtidsparkeringa i utkanten av sentrum, uformell parkering er gjort avgrensa, Hamnegata er nedgradert til bygate. Med opning av tunnelen for gjennomfartstrafikken, finns det mogelegheit for å redusere Hamnegata for biltrafikk enno meir, og å skape ein “shared space” langsmed hamnefronten.

Sykkel i Volda

Det finns per i dag ikkje noko stort behov for separate sykkelstiar i Volda sentrum på grunn av liten trafikkmengde av både bilar og sykklar. Derimot bør bruk av sykkel stimulerast med betre føresetnader for sykkelparkering, tryggare sykkelmiljø med fjerning av skråparkeringar og tydlegare markering av vegbaner. På sikt kan sykkelstiar verte vurderte langsmed hovudrutene frå sentrum til høgskulen og andre destinasjonar. Ei rekreativ sykkelrute langsmed hamnefronten er ein god start for å fremme sykkelkulturen og turismen i Volda.

Trafikk & parkering

Infrastrukturplan



Hovedentré til bygda

Skilting til destinasjonar og besøksparkering



Hovedstrok for trafikk

Avgrensa tal på parkeringsplassar



Entré til besøksparkering

Handel/arbeid, besøk



Bygater

Balansert, saktegåande trafikk, parallelparkering



Prioritering av gåande

Bilar tillate på dei gåande sine vilkår, få korttidsparkeringar



Snarvegar for gåande



Rekreativ sykkelrute



Hovedsykkelin fart til sentrum

Til/frå høgskule/skular

Trafikk & parkering

Formålet med ein ny parkeringsstrategi

Volda har ikkje i dag ein klar organisering av parkeringa i gatene og på plassar. Mange stader vert det parkert meir eller mindre vilkårleg, noko som gjev oppleving av at parkerte bilar fyller store deler av gaterommet.

Føremålet med utarbeidinga av ein parkeringsstrategi for Volda er difor å:

- Få organisert parkeringa betre, slik at det gir plass til kvalitetsbyrom som innbyr til opphald og aktivitetar
- Sikre ein oppstramming av gateprofilen på fleire stader, slik at parkeringsareala og vegareala ikkje flyt i kvarandre
- Sikre ein enkel parkeringsstruktur som er lett å forstå for turistar og andre vitjande
- Sikre ein meir effektiv utnytting av eksisterande parkeringsareal
- Gi plass til grøntområde og gjere areala med asfalt mindre
- Sikre ein betre samanhang mellom bygda og hamna
- Styrke handelslivet



I dag er bilparkeringen stort sett uorganisert og fyller store deler av mellomromma i byen. Organisering av parkeringen vil gi bedre tilgjenge for korte besøk i sentrum.



Trafikk & parkering

Prinsipp for parkering i Volda

- Den overordnede strategien for parkering i Volda kommune inneholder følgende:
- Avvikling av eit mindre tal parkeringsplassar
- Sikre eit tal større parkeringsplassar utan tidsrestriksjon i utkanten av bysentrum, som kan nyttast til langtidsparkering for dei som må bruke privatbil til arbeidet
- Innføring av tidsrestriksjoner i bykjerna for å kome ønska til handelsverksemdene i møte.

Slik parkeringsregulering er teken i bruk med suksess i mange danske byar.

Betalingsparkering er ikkje med i forslaget og vert ikkje tilrådd no. Parkeringsplassar med avgift har generelt ei enno større utskifting av parkerande enn plassar med 2 timer parkeringsgrense – dvs. folk held bilen parkert i kortare tid på ein parkeringsplass med avgift og plassen kan difor delast med fleire brukarar. Dermed vert kapasiteten utnytta betre. Likevel er vurderinga at presset på p-plassane i bysentrum ikkje er så stort at det er naudsynt å innføre betalingsparkering.

Samstundes kan betalingsparkering føre til at kundar vert motiverte til å handle i andre bygder og byar. Dette vil likevel vere svært avhengig av avgiftsnivået. Dersom det skal innførast betalingsparkering vil vi tilrå å samkøyre ordninga regionalt, slik at den også omfattar dei andre omliggjande byane og bygdene.



Trafikk & parkering

Prinsipp for parkering i Volda

Omtale av dei einskilde elementa og tilrådingar i parkeringsforslaget.

Avvikling av parkeringsplassar

Generelt har Volda overskot på parkeringsplassar, men i periodar er det høvesvis høgt belegg på einskilde plassar i bysentrum, særleg på die tidene folk flest handlar.

Det vert tilrådd at eit mindre tal parkeringsplassar vert avvikla for å gi plass til meir grøntareal og tilplanting, frigjere ein større del av byrommet til bylivsformål samt sikre, at parkerte bilar ikkje er så dominerande i bybiletet. Samstundes må markerast eksisterande parkeringsplassar markerast betre og skiltinga for langtidsparkering må verte tydelegare.

Tidsrestriksjonar

Gjennom tidsregulering kan kommunen påverke kva bilistgrupper som skal kunne nytte seg parkeringsplassane. Avvikling av parkeringsplassar må kombinerast med innføring av tidsrestriksjon på dei sentrale plassane i sentrum for å sikre god kapasitetsnytte. I sentrum er fleire plassar endra frå langtids- til korttidsplassar for å avgrense pendlarparkering og i staden kome ærend- og kundeparkering i møte. Dette sikrar ein høgare kapasitetsnytte på plassane og dermed betre sørvis for kundar i sentrum. Det vil verte enklare å finne seg ein parkeringsplass. Ulempa ved korttidsparkering er, at det generar meir trafikk i området, då fleire bilar brukar den same plassen.

Langtidsparkering

I utkanten av bysentrum er der ein del parkeringsplassar utan tidsrestriksjonar og som kan nyttast av innbyggjarar og pendlarar i bil. De plassane er lette å ta seg fram til frå dei større hovudvegane og hjelper dermed til å dempe parkeringsaukande trafikk i bysentrum.

Lengdeparkering i gater

For å stramme opp gateprofilen, tilrår vi lengdeparkering i einskilde gater i bysentrum. Gatene må ha fartsavgrensing på maks 40 km/t for å gjere bilistane i stand til å oppdage i tide at ein bilist framføre er i ferd med å parkere.

Trafikk & parkering

Prinsipp for parkering



Indre bykjerne

- 30 minutts parkering langs handelsgate - få og oppmerka plassar
- Elles maks 2 timar parkering på oppmerka plassar



Ytre bykjerne

- Parallell parkering langs gater (2 timar)
- Parkeringsplassar framfor verksemder + ved innkøyring til sentrum, langtidsparkering, men med moglegheit for dobbel utnytting
- Moglegheit for langtidsparkering knytt til framtidige byggetomter (tomtene ved bussterminalen, Sunnmørsposten og andre tiltenkte byggetomter.



Utforming av parkeringsplassar

- Oppmerka P-plassar
- Skilting til langtidsparkering ved innkøyringsvegar til byen
- Fotgjengerskilting til destinasjonar frå parkeringsplassar
- Beplanta/grøne p-plassar, moglegheit for felles utnytting
- Yste kaikant avsett til fotgjengarar

Trafikk & parkering

Parkeringsplan

-
- Langtidsparkering**
Arbeidspendlarar/
innbyggjarar
 - Langtidsparkering**
Privat parkering
 - Korttidsparkering 2 timar**
Handel, vitjing i bykjerna
 - Vegsideparkering 2 timar**
Oppmerka plassar
 - Vegsideparkering 30 minutt**
Oppmerka plassar

Trafikk & parkering

Referanser



Parallellparkering integrert i grøn gate
Duisburg, Tyskland



Dobbel utnytting av parkering
Kaiak Marknad Køpenick - Berlin, Tyskland



Bepanta parkering på offentlig plass
Svendborg, Danmark

Parkering integrert i handlegate
Kerteminde, Danmark




Trafikk & parkering

Frå rutebilparkering til stoppestad

Busstasjonen er i dag tom store delar av dagen, og med ei omgjerding av stasjonen til ein stoppestad, kan ei byggetomt i sentrale Volda verte frigjort. Langtidsparkeringa som i dag tek opp delar av plassen, kan flyttast til kjellearetasjen i den nye bygninga.



Planutsnitt 1:1000



Industrigata / før



Industrigata / etter

Busstasjonen tek opp eit stort
areal i sentrale Volda og vert
nytta berre deler av døgret.



Prinsippsnitt parkering

Vegsideparkering med beplantning



Kyrkjegata / før 1:200



Kyrkjegata / etter 1:200



Planutsnitt 1:1000

Visjonsbilete/parkering

Sivert Aarflots plass/ før



Visjonsbilete

Sivert Aarflots plass/ vinter

Plassen tenar som parkering
om vinteren, med betre
moglegheiter for dei gåande



Visjonsbilete

Sivert Aarflots plass/ sumar

Plass til mellombels marknad/
aktivitetar om sumaren.
Plassen vert beplanta.



FORTETTING

Fortetting

Fortetting i menneskeleg skala

For å utvikle Volda og tiltrekke seg nye innbyggjarar og investorar som kan medverke til eit levande Volda, er det behov for fleire boligar, kontor og kommersielle lokale. Ei fortetting bør skje der eksisterande bygg vert respekterte og støttar livet i byen.



Betre utnytting av eksisterande bygg

- Utnytting av «infill-område» mellom eksisterande bygningsmasse
- Utnytting av eksisterande bygningar til andre formål



Fortetting i voldastil

- Nye bygningar i bykjerna må tilpassast ein voldastil og skala: Trehus i 2-3 høgder med skråtak og opne førsteetasjer
- Omliggande område kan ha eit større handlingsrom, men må tilpassast i skala og planleggast med tanke på å ikkje øydelegge rørslemønsteret gjennom sentrum = snarvegar gjennom større område

Fortetting

Fortettingsplan

- Område med utviklingspotensial
- Utvikling av eksisterande bygning (nye funksjonar)

Busstasjonen har potensiale som byggjeområde ved ein framtidig omgjerding av stoppestaden.

Området ved Sunnmørsposten kan utnyttast til eit bygg som ramar inn byrommet og skapar meir liv i sentrum

Bygningane ved Elvadalen har potensiale til å verte utvikla som lokale til utdanning, kompetanseutvikling eller kreative verksemdar

BELYSNING

Belysning

Ein by opplyst i augehøgde

Belysning er eit kraftfullt verktøy for å skape ein meir innbydande, trygg og gåvenleg by i den mørkaste halvdel av året i Volda. Belysninga bør fokusere på å skape trygge og gåvenlege område og framheve dei plassane, bygningane og elementa i Volda som gir staden særpreg.



Funksjonell belysning

- Belysning av hovudfotgjengarstrok i menneskleg skala som gir gode og trygge tilhøve for gåande (meir synlege for bilar og betre oversikt/tryggare miljø)
- Snarvegar vert opplyste på ein diskret måte for ikkje å medverke til auka "lysurreining"

Belysning av plassar, bygningar og objekt

- Fokus på møteplassar for å skape tryggleik og innby til besøk
- Fokus på Volda sin identitet, bygningsfasader og element
- Permanent eller mellombels belysning



Mykje av belysninga i Volda
i dag framhever dei mindre
attraktive delane av Volda og
skjuler iden-titetsskapande
element og miljø.

Belysning

Belysningsplan

- 
- Hovudområde for gåande**
Belysning i menneskleg skala
 - Snarvegar**
Opplyst med vegvisande belysning
 - Offentleg plass**
Identitetsskapande belysning
 - Fasade/ element**
Opplyst med spotlights/liknande

Belysning

Referanser



Dempa belysning av fotgjengar-/sykkelområde
Fredriksberg, Danmark



Plasskapende belysning
Lampan, Malmö
(Del av dialogprosjektet "Hej Stadsdel")



Foto: Emina Kovacic

Belysning av viktige/ identitetsskapende fasader
Karlshamn, Sverige

Visjonsbilette

Bak Hamnekvartalet/ før



Visjonsbilete

Bak Hamnekvartalet/ etter

Belysning i en menneskeleg skala som framhevar det offentlege rom og kan endrast over tid. Belysning integrert i fasader/ møblering og som "tak"



GRØNSTRUKTUR

Grønstruktur


Gjere eit levande Volda grønare

Trass i, eller kanskje på grunn av, den praktfulle naturen omkring Volda, opplever mange bykjerna som eit grått miljø. Dette skuldast mangel på grønt på nokre av dei viktigaste plassane i bykjerna, og mangel på moglegheiter til å utnytte eksisterande grøntområde.



Aktivering av eksisterande grøntområde

- Sport- & aktivitetsmoglegheiter
- Landskapselement for spontan leik
- Sitjemoglegheiter



Gjere grøne område tilgjengelege

- Samfunnshuset - Upheim -
- Kyrkjegården - Sivert Aarflots Plass Hamna
- Elvadalen



Tilplantning av gatemiljø


- Integrert i sone med parallellparkering, byinventar og sykkelparkering

Fleire av byromma i sentrale Volda som har ein menneskeleg skala og eit godt mikroklima, saknar grøne element som kan mjuke opp miljøet og gjere dei meir innbydande.



Grønstruktur

Grønplan



Grøne areal, offentlege



Grøne areal, private



Nyplanta tre



Eksisterande tre



Gatetre



Grøntareal

Grønstruktur

Referanser



Leikeplass integrert i parkmiljø
Malmø, Sverige



Tilgjengeleggjering av naturområde
Snoqualmie Falls walkway, Seattle, USA



Planting som kan flyttast - plasskapende tiltak
San Fransisco, USA

Grønstruktur

Gatetre og planting/ døme



Mellombels opparbeiding av område (plassomdanning)

Syringa vulgaris 'Katherine Havemeyer':
2-4m høgde x 2-4m breidde. Lyselilla
blomar i store toppar om våren/ sumaren.
Hardfør. Toler frost og lave temperaturar.

Bild: <http://virtualnaturecenter.weebly.com/cutleaf-lilac-syringa-lacineata.html>



Mellombels opparbeiding av område (plassomdanning)

Magnolia x loebneri 'Merrill': 4-8m høgde x
4-8m breidde. Store, kvite, duftadne blomar
om våren. Langsam og rak vekstkurve. Toler
frost og lave temperaturar.

Bild: Alfred Osterloh



Mellombels opparbeiding av område (plassomdanning)

Acer palmatum 'Sango-kaku': 4-8m høgde
x 2-4m breidde. Raude greiner med blad
som skiftar farge fra gult til grønt til raudt.
Små, raude blomar om sumaren. Veks
langsam. Toler frost og lave temperaturar.

Bild: http://www.heritageseedlings.com/page_98_40/acer-palmatum-sango-kaku

Grønstruktur

Gatetre og planting/ døme



Hamnen og Sivert Aarflots plass

Alnus incana: 18m høyde x 5m bredde. Veks raskt. Trivs i alle jordtyper og toler mykje vind. Egnar seg til bruk på parkeringsplassar og i byrom grunna slank og rak vekstkurve. Eit pionertre i det nordaustlege Europa og Sibir. Toler frost og vind.

Bild: <http://luirig.altervista.org/flora/taxa/index1.php?scientific-name=alnus+incana>



Hamnen og Sivert Aarflots plass

Alnus glutinosa: 25m høyde x 10m bredde. Veks raskt. Toler frost, saltpåverknad og høgt grunnvasspegel. Trivs i alle jordtyper og toler mykje vind. Egnar seg til bruk på parkeringsplassar og i byrom grunna slank og rak vekstkurve.

Bild: Bruce Marlin



Mellombels opparbeiding av område (plassomdanning)

Prunus cerasifera 'Nigra': 8-12m høyde x 8m bredde. Mørke blad med lyseraude blomar om våren. Fargar om hausten. Toler frost og lave temperaturer.

Bild: <http://www.baumschule-pflanzen.de/>

**SKILTING, KUNST
& BYROMSUTSTYR**

Prinsipp

Å finne vegen i Volda

Alt er nært i Volda, men det mentale biletet er ikkje det same grunna manglande skilting og utydelege veger for gåande. Ei skilting i menneskeleg skala som fokuserar på avstand og veger for gåande kan medverke til eit meir synlig nettverk for gåande.



Vegvising fra tilkomstpunkt til viktige destinasjonar for gåande

- Parkeringsplassar
- Busstasjonen
- Viktige offentlege destinasjonar



Belysning og belegg som vegvisings element

- Markering av hovudruter og snarvegar for gåande
- Temporær eller permanent utsmykking



Identitet til byromma gjennom namngiving

- Namngiving av viktige byrom som refererer til historia for plassen
- Muleg samling av innbyggjarar ved namngiving

Utydeleg gatemiljø og manglende skilting gjør det vanskelig i finne vegen i Volda dersom du ikkje bur på staden. Korleis kjem ein seg frå busstasjonen til sentrum?



Skilting

Referanser



Fotgjengerskilting
Carlsberg, København, Danmark



Belysning & vegbelegg som vegvisning
Prags Boulevard, København




Foto: Avramidou Effrosyni

Vegvisning med avstand for gåande
Thessaloniki, Grekland

Snarveg Snitt



Snarveg / før



Snarveg / etter


Dei uformelle snarvegane i Volda er ein del av byen sin identitet og ein god ressurs for gåande. Med små middel kunne desse vorte meir synlege i bymiljøet.



Kvalitative retningslinjer


Felles profilering og skilting

For å tydeliggjere ein felles profil i sentrum, kan ein koordinere skiltinga for butikkar og verksemder i ein felles voldaskala og utforming.



Felles profilering av butikksskilting

- Skilting på fasade i enkel utforming med maks 2 fargar
- Skilt skal ikkje dekke vindauge eller heile veggparti
- Tydelege gatenummer betrar framkoma
- Utstillingsvindauge med gjennomtenkt dekorasjon - ikkje store plakatar



Møbleringssone for skilt og annan møblering

- Veggskilting med felles og enkel design, min. 2,5 meters høgd
- Laust skiltstativ i felles design med voldalogo
- Moglegheit for møblering av kantsone (0.5 m) med benk, stol/benk eller "pynt"
- "Voldagrønt" som profilfarge

Butikskilting

Referanser



Butikskilting med felles design
Melbourne, Australien



Møblering av kantsone
Kristianstad, Sverige



Fasadeskilting i enkel design
Kristianstad, Sverige

Visjonsbilette

Snarvegen/ før



Visjonsbilete

Snarvegen/ etter



Prinsipp

Kunst som speglar den lokale identiteten

Kunst kan medverke til å synleggjere Volda sin identitet, både den som er historisk forankra og dagens. Kunsten bør skapast av og vende seg til alle brukargrupper i Volda og meverke til auka forståing for ulike grupper i samfunnet.

Kunst for og av alle

Kunst i det offentlege rom bør spegle heile samfunnet, og fleire grupper bør vere med på å dekorere det offentlege miljøet, til dømes born og innvandrargrupper. Dette kan hjelpe til slik at ulike grupper vert meir synlege og at ein får forståing for andre synsvinklar.

Kunst som viser Volda si historie

Kunsten kan vere med på å vise Volda si historie og skildre den utviklinga som har vore i Volda og i samfunnet elles. Portrett og tolkingar av historiske personar og hendingar kan medvirke til å gjere historia levande i bygda.

Studentar som kulturell ressurs

Høgskulen er ein viktig ressurs for Volda som kreativ «hub», og kunsten kan vere ein måte å gjere studentane sitt nærvær synleg og dira verdi for Volda.



Kvalitative retningslinjer

Kunst som kan meir!

Kunst i det offentlege rom i Volda kan spele fleire roller, som formidlar Volda sin identitet og historie, men og for at aktivere rom og menneske. Studentane er ein ressurs for å «pynte» byen!



Kunst i augehøgde

Kunst bør vere ein del av kvardagsmiljøet, med moglegheit for å relatere direkte til kunstverket på like vilkår.

Kunst som interaktivt element

Kunst er ikkje kun for auget, kunstverk kan og engasjere menneske til å leike og bruke kunstverket på andre måtar.

Aktivering av byrom med temporær kunst

Temporær kunst kan skape eit nytt syn på byromma og medverke til å teste nye moglegheiter for bruk av byromma.



London, Storbritannien




Les Halles, Paris, Frankrike



Barcelona, Spanien



Vercorin, Switzerland
Photo: Robert Hofer



Melbourne, Australia (fortau)



Fontene/ skulptur New York, USA



Kunstprojektet “Heltar” har potensial i seg til å bli ein installasjon som framhevar Volda sin lokale identitet og historie. Med portrett i augehøgde vert historiske heltar ein del av kvardagen i Volda.




Kvalitative retningslinjer

Byromsudstyr

Byromsudstyr i Volda skilles i tre forskjellige typer: Volda-standard, unikke/stedspecifike og midlertidige/ flytbare.



Gjer det mogeleg for privatpersonar å donere ein benk til minne om ein kjær ven eller slektning




Felles Volda-utstyr

- For gatemiljøer, snarveier og andre ruter i byen, velges en felles utforming av byromsutstyr som skaper sammenheng i byens rom.
- Sittemøbler bør ha tre som hovedmateriale for en varm følelse, og ha en tilgjengelig design med rygg og armlener
- Møbler plasseres med tanke på utsikt og med jevn avstand for at gi mulighet til pause



Unikt/ stedspecifikt utstyr

- For møteplassar vert det vald utstyr som medverkar til å gi plassen identitet og karakter, med eit unikt uttrykk.
- Møblar må plasserast med tanke på utsyn og mikroklima.



Mellombels utstyr

- For plassar med en skiftande funksjonar eller ein mellombels etablering av ein plass, nyttast møblar som kan flyttast på.

Byromsutstyr

Referanser



Benk i tre med rygg og armlen
Hags Zeta



Liggemøblar
Hamburg, Tyskland



Mellombels møblering
Paris, Frankrig



**FOKUSOMRÅDE
& PLANAR**

Ein sentral plass i byen

Ein stor plass – ein liten plass

Plassen ved Sørheimhuset i Volda har ei historisk tyding, men denne er lite synleg i dagleg bruk. Plassen manglar funksjonar, invitasjonar og ei tydeleg rame for livet. Ei temporær møblering av plassen kan tilpassast sesongane og kan evaluerast før ei permanent oppgradering.

Føresetningar og prinsipp:

Plassen har ei sentral plassering i det historiske bymiljøet og har potensial for å verte ein møtesplass i byen. Plassen ligg godt verna, omkransa av bygningar og har eit godt mikroklima gjennom store delar av året.

Fleire av de omliggande bygningane har aktive grunnetasjer. Fleire kan aktiverast etter dialog med grunneigarane, som kan hjelpe til med å møblere plassen med sine personlege prioriteringar. Plassen fungerer i dag som ein parkeringsplass, men har potensial for å verte ein møteplass for alle i Volda, og kan fungere som to plassar i ein, med moglegheit for variasjon i program og storleik etter behov, sesong, høgtider og anna.

Plassen bør prioritere gåande med forbod mot parkering, men moglegheit for å passere med bil på dei gåande sine premissar. Ærendkøyring, av og pålessning er tillate, med plass for brannutrykning sikra.

Prosess:

Start no! Ein mellombels plassdanning gir moglegheit for å teste, evaluere og tilpasse.

Gå i dialog med Haugen Bok om muleg opning mot plassen og andre mulege aktørar omkring aktivering av plassen.

Lær av erfaringar og ta dei med vidare i ein muleg permanent transformasjon.



Sao Fransisco
Sao Paulo, Brasilien



Praça Carlos Alberto
Porto, Portugal

Element, mellombels plassomdanning:

- Oppstriping /maling på eksisterande vegbelegg
- Informasjonspaviljong, uteservering - Stolar, bord og parasoller som kan flyttast
- Flyttbare plantekasser, med små tre som skapar rom og tilfører ein særleg karakter, kan skiftast gjennom sesongen
- Sitjekantar, tre, behageleg året rundt
- Aktivering av 'daude fasadar' med kunst og kunstbelysning
- Kunstbelysning over plassen, filter på eksisterande lampar, lyskjede
- Leikeelement, ping-pong bord, 'leikebakkar'
- Sykkelparkering



1:500

Visjonsbilete

Plassen ved Sørheimhuset/ før



Visjonsbilete

Plassen ved Sørheimhuset/ etter (mellombels)



Plass til aktivitet og spontanitet

Voldaparken

Rådhusplassen og Upheimsparken med tilhøyrande grøntområde, er det største grøne arealet i det sentrale Volda. Gjennom invitasjonar til opphald, lek og aktivitet kan dette verte ein bypark for alle innbyggjarane og besøkande.



Rådhusplassen som en del av det grønne og det urbane nettverk i byen og en del av det rekreative miljø i centrum

Rådhusplassen - ein del av ein framtidig Voldapark

Rådhusplassen ligg i den grønne kilen som startar ved sjøkanten, via ein framtidig grønare Sivert Aarflots plass, kyrkjegarden og Upheimsplassen. Samstundes er området ein del av det meir urbane nettverket som har eit ankerfeste ved samfunnshuset rett nord for rådhuset.

Samman med grøntområdet nord for kulturnæringshagen og Upheimsplassen er dette dei største grøntområda som ligg i direkte tilknytting til Volda sentrum og bør aktiverast med fleire moglegheiter for lek og aktivitetar for både yngre og eldre.

Målgrupper og bruk

Området har mange besøk til f eks helsesenteret, samfunnshuset/kinoen og kyrkja som kan dra nytte av eit meir aktivt miljø rundt rådhusplassen. Elles kan området og lokke til seg barnefamiliar, skuleungdomar

og studentar til Volda sentrum og som ikkje brukar området særleg i dag. Dessutan finns mange arbeidsplassar i nærleiken som kan dra nytte av ein meir aktiv plass midt på dagen eller etter arbeidstid.

Kompletterande rom for lek og aktivitetar for alle aldersgrupper

Dei grønne aktivitetsområda i Volda bypark vert kompletterte med meir urbane leikemoglegheiter integrert med øvrig byromsdesign i Strøket i Volda sentrum, samt det meir naturlege miljøet og ein eventyrleikeplass på Presteholmen. Dette gir ein variasjon i moglegheiter for å vere aktiv i Volda sentrum og som gir eit rikare uteliv for alle aldersgrupper. Lek kan integrerast med enkle grep i form av nivåskilnader, balansebommar og hoppestubbar etc. som og kan brukast som sitjemøblar. På den måten kan ein intergrere lek i ulik skala og variasjon i fleire av byromma utan å byggje eigne leikeplasser.

Voldaparken

Referanser



Havneparken Islands Brygge
København, Danmark



Sagolekplatsen
Malmö, Sverige



Valbyparken
København, Danmark

Plass til aktivitet og spontanitet

Voldaparken

Element i Voldaparken

- Bruk av jord som likevel skal flyttast ved oppføring av bygg o.l., for å forme leikebakkar - grasflater
- Omarrangering av eksisterande benkar + plassering av nye sitjemøblar
- Tillegg til Myldreplassen i form av hoppestubbar og balanseringsbommar i tre som og kan brukast til sitje på
- Markering av 'Snarveg' med leikande element på vegbelegget
- Belysningsarmaturer eller filtre på eksisterande armaturer som kan gi identitet til plassen og skape ein visuell samanhang
- Bruk av eksisterande plener til fellesareal, grasareal for opphald, rydd i småplantinga
- Planting av nye tre for romdefinering samt gjere parkeringsareala grønare for å nedtone bilane og asfaltflatene sin visuelle dominans
- 'Urban sports', multibane til ballspel på gras eller grus evt med band. I tillegg kan ein vurdere markere ein multibane med oppstriping på det store parkeringsarealet - dobbeltfunksjon. Parkering om dagen - ballspel, rullehockey, mv. om kvelden
- Sykkelparkering



Voldaparken

Illustrasjonsplan



Volda hamn

Volda si framside

Volda sin sjøfront har potensial til å verte ein møteplass og destinasjon for voldingar og turistar, med moglegheit for å nyte utsikta, naturen og sjøen. Betre miljø for gåande, fleire passar til aktivitet langs sjøen, betre moglegheiter for turisme og gjestebåtar, og betre skjerming for vind og ver.

Forslag til prosjektr (sjå hamneplan)

- Fleire gjesteplassar for båtar i direkte tilknytning til sentrum (i eksisterande hamn eller ein ny lokalisert vest for hamna)
- Sørvisbygg for gjestehamn med toalett, dusj og information
- Utvikla brygger med trapper ned til sjøen på ulike stader
- Beplantning av kaikanten for betre mikroklima og opplevd miljø
- Utvikla Hamnegata som knyter den betre til sjøen (sjå separat plan for Hamnegata)
- Bademoglegheiter frå brygga.





Volda havn

Illustrasjonsplan

Definiert plass til gåande
på fergekaia som ein del av
hamnepromenaden

Ny fergekai

Moglegheit for plass til
småbåtar/ gjestehamn. Alt.
plassering av sørvisbygg.

Plass til fyrlykt frå Dalsfjord
synleg frå fjorden og Hamnegata

Utvida tal på gjestebåtplasser i hamna

Muleg plassering sørvisbygg for gjestehamn

Utviklet kaikant med sitjeplassar mot elvesida

Ny bru for gåande


Tilplanta kaikant med promenadestrøk langs sjøen

Utvikla plass utanfor COOP-bygget med plass til
utandørsaktivitetar for gym, kaféar etc


Volda hamn

Ein grøn tilplanta kaikant

Ei utvikla hamnekai kan verte ein stad for voldingane å kome nær sjøkanten, med moglegheit for bading, vassport og å nyte sola og vere skjerma fra vinden. Sørvisbygg for gjestebåtar gir betre sørvis for turistane i Volda.



Kaikanten-piren / før 1:200



Kaikanten-piren / etter 1:200

Volda havn

Referanser



Hamnkontoret Västra Hamnen
Malmø, Sverige



Gjestehavn og sitjetrapper
Malmø, Sverige



Brygge som plass
Hammarby Sjöstad, Sverige

Volda si framside

Hamnegata - frå gjennomkøyring til plass

Hamnegata fungerer i dag først og fremst som gjennomkøyringsgate utan tydeleg definisjon av overflater for køyring, parkering og opphald. Minska gjennomkøyringstrafikk i framtida gir nye moglegheiter for å utvikle Hamnegata til ei ny framside for bygda, ein stad for opphald og aktivitet. Endringa kan starte no!

Element, mellombels plassendring

- Oppstriping /maling på eksisterande vegbelegg
- Ny fotgjengarovergang i forlenging av 'Strøket'
- Flyttbare stolar, bord og parasoller
- Flyttbare plantekasser, med små tre som skaper rom og tilfører ein særleg karakter, kan skiftast ut iht sesong
- Plassering av nye benkar og omrokking av eksisterande
- Kunstbelysning over plassen, filter på eksisterande lampar, lyskjeder
- Leikeelementr, hoppestubbar som og kan brukast til sitjeplassar
- Sykkelparkering
- Vegorientering med hjelp av skilting som viser gangavstand til ulike sentrale destinasjonar

Element, permanent plassomdanning:

- Nytt vegbelegg i eit nivå som spenner på tvers av vegen, 'Strøket og Sjøfronten sitt belegg møtast' - vegorientering - leie folk mellom dei to romma
- Ny fotgjengarovergang i forlenging av 'Strøket'
- Flyttbare stolar, bord og parasoller
- Tilplanting av nye tre (få ned skalaen på rommet)
- Tilplanting i gjennomtrengelig beleggning
- Plassering av nye benkar og omrokking av eksisterande
- Kunstbelysning over plassen, filter på eksisterande lampar, lyskjeder
- Adaptering av belysningsarmaturer, belysning i menneskeleg skala
- Leikeelement, hoppestubbar som og kan brukast til sitjeplassar
- Sykkelparkering
- Permeabel vegbelegg langs sjøfronten, markering av ruta med mønster i belegget med historiske referansar
- Vegretteiing i form av skilting som viser gangavstand til destinationar
- Bygging på Sunnmøreposten-tomta - for å skape eit meir skjerma miljø og fleire boligar i sentrum

Hamnegata

Illustrasjonsplan




1:500


Prinsippsnitt Hamnegata




Snitt A-A / før



Snitt B-B / før



Snitt A-A / etter



Snitt B-B / etter

Visjonsbilete
Hamnegata/ før



Visjonsbilete

Hamnegata/ mellombels



Visjonsbilete

Hamnegata/ permanent



Langsmed elva og ut til fjorden

Elvedalen/ Hamnegata

Elvadalen er eit populært rekreasjonsstrok, men stoppar i dag ved Presteholmen. Ein gangveg langsmed elva som bind Presteholmen saman med fjorden, kan medverke til betre tilgjenge og ei mulegheit for å utvikle dei gamle industribygningane. Samstundes kan trafikkmiljøet verte betra for alle trafikantar med relativt enkle middel og med fokus på dei gåande.

Elvadalen sitt potensiale som rekreasjonsområde og kreativt miljø

Ei løysning av situasjonen over elva som tek omsyn til tettstaden, gir ei stor mulegheit for å utvikle området langsmed -, og knyte det meir til elva. Både som rekreasjonsområde og som område for småskalaverksemd, der ein kan utnytte dei gamle bygningane til nye formål. Dette kan på sikt verte ein ny attraksjon for Volda, der naturen og kulturhistoria kan få ei ny tyding for Volda i dag og i framtida.

Trafikkløysning

Krysset med sving prioritet for svingande køyrety, er ikkje ei ideell løysning. Med ein kanalisering av E39 i tunnel, og nedgradering av Hamnegata til bygata, kan prioriteten i Industrigata skifte. Etter kvart kan trafikksituasjonen løysast med tydlegare markering i vegbanene og lyssignal for trafikerande.




Foto: Lisa Johansson


Høgskule ved straumen
Norrköping, Sverige



Fotgjengarbru
Porto, Portugal

Skisseplan


Elvedalen/ Hamnegata - Alt 1



Skisseplan 1:500 (trafikk- og konstruksjonsløyser forset nærmare studiar)

Skisseplan

Elvedalen/ Hamnegata - Alt 2



Skisseplan 1:500 (trafikk- og konstruksjonsløyningar føreset nærmare studiar)

Visjonsbilette
Elvedalen/ før



Visjonsbilde

Elvedalen/ etter (med passasje under brua)



Visjonsbilete

Elvedalen/ etter (utan passasje under brua)






**PROSESS &
FORANKRING**

Prinsipper for utviklingsplanen


Prosessoversikt

Ein viktig del av utviklingsplanen for Volda er dei prosessuelle momenta om korleis dei fysiske endringane kan iverksetjast og forankrast i lokalsamfunnet.



Stegvis utvikling

I staden for ein fast plan og eit fast mål for Volda sentrum, bør utviklinga av byromma i Volda gjerast stegvis, med moglegheit for å evaluere effekt og justere i etterkant. På denne måten kan ein handtere endra føresetnader og private initiativ innfor ein rame av kvalitative retningslinjer.



Privat / offentlig samarbeid

Det nære samarbeidet med private aktørar bør vidareutviklast og formaliserast. Med felles finansiering og felles utnytting av ressursar. Utviklingsplanen kan her fungere som ei felles rettesnor som styrer utviklinga.



Involvering av brukarar i heile prosessen

Involvering av brukarar bør sikrast også under iverksetjing/ endring, både gjennom evaluering av bruken av nye byrom og gjennom offentlege møter/ arbeidsmøter som ein del av utviklingsprosessen, slik at prosjekta vert forankra hos innbyggjarane i Volda.

Prinsipp for utviklingsplanen

Forankring - oversikt

Forankringsmetodar

Formell politisk forankring

- avgjerder
- bestillingar
- dokumentasjon i vedtak
- koordinering i kommunen sin styringsdokumentasjon og sine planar

Penta Helix-forankring

Interessentforankring gjennom open, strukturert og leia dialog mellom dei ulike partane

Direkte involvering


- Eigarskapforankring gjennom direkte involvering av personar med:
- Fagleg kompetanse
- Interesse og motivasjon
- Tildelt og avsett nok tid

Dokumentasjon, styring & planar

- Mandatutforming, premissgivande bestillingar, godkjenningar og evalueringar
- Planstrategi og planprogram
- Kommuneplan, økonomiplan og årsbudsjet

- Partnerskapsavtalar
- Mål og mandat for arbeidet i nettverket
- Møte- og arbeidsplan
- Leing og styring

- Projektdirektiv og prosjektplanar
- Prosjektorganisering
- Framdriftsplan
- Økonomiramer



Prinsipp for utviklingsplanen

Forankring - beskriving

Ein brei og kontinuerleg forankra strategi for sentrumsutviklinga i Volda og lokalsamfunnet rundt, er naudsynt for å lukkast på sikt!

Korleis sikre sentrumstiltaka god forankring?

Forankringa av tiltaka vert gjort gjennom

- a)** direkte involvering i arbeidet med dei ulike tiltaka
- b)** drøftingar og vurderingar i møte mellom relevante interessentar
- c)** formelle avgjerder og bestillingar i folkevalde organ i Volda
- d)** informasjon, dialog og forståing med dei som tiltaka berører
- e)** oversiktleg, begripeleg og tydeleg dokumentasjon
- f)** god kopling mellom prosjektorganisasjonen og basisorganisasjonen Volda kommune undervegs i prosjektet og ved innfasing i den daglege drifta

I det vidare vert det gjort nærmare greie for korleis denne forankringa best kan ivaretakast. Punkta d – f inngår som eigne avsnitt i beskrivinga av punkta a – c.

a) Direkte involvering

Den direkte involveringa har som mål å skape eit godt eigartilhøve til tiltaka. Dette vil i neste omgang sikre truverdig argumentasjon rundt tiltaka sine praktiske innhald, føresetnader og konsekvensar. Involveringa bør vere nøysam i høve til talet på deltakarar og basere seg på personar med naudsynt fagleig kompetanse, interesse, motivering og tilgjenge på tid. Ikkje primært behov for representasjon her. Tiltaksarbeidet vert tilrådd forankra i prosjektdirektiv basera på mandat og premisser gitt av folkevalde organ i Volda. Direktivet må i tillegg som eit minimum innehalde ein tydeleg prosjektorganisasjon med klare roller, konkret fremdriftsplan og økonomiske ramer.

b) Interessentforankringen

Interessentforankringa bygg på opne, godt tilrettelagde og leia rundbordsmøte basera på ein heilskapleg tilnærming til sentrumsutviklinga. Målet med å bringe relevante interessentar rundt same bordet er å sikre allsidig forståing og felles innsikt hos personar og instansar som kan gi sentrumsutviklinga ei heilskapleg verdiskaping. Vi vil tilrå teken i bruk in Penta Helix -modell for å sikre dette. Dagens prosjektgruppe er langt på veg eit fornuftig samansett forum for lokal samfunnsutvikling og sentrumsutvikling i Volda. Vi vil tilrå at forumet også kan fungere fast over tid, sikre kontinuitet gjennom kommunal leiing og styring, ansvarleggjere deltakinga via formelle partnerskapsavtalar, sikre forankring på autorativt nivå til dømes ved beslutning i kommunestyret. Forumet bør vere eit drøftings- og rådslagingsforum med innstillande mynde til kommunen sine politiske styringsorgan. I tillegg til den kommunale leiinga, kan forumet med fordel ha 1 – 2 representantar fra høgskule/FoU-miljø, 1 - 2 utvalde næringslivsleiarar, 1 – 2 representantar for

relevante interesseorganisasjonar og 1 – 2 profilerte og entusiastiske enkeltpersonar med integritet, god innsikt og høgt truverde innan beslutningsprosessar knytt til sentrumsutvikling og utvikling av lokalsamfunn. Andre nøkkelpersonar kan gjerne verte invitertes til forumet etter behov.

Penta Helix Volda må bygge sitt arbeid på målsettingar, mandat og økonomiske ramer gitt av folkevalde organ i Volda. For å sikre klarheit og ansvarleggjering over tid, må deltakinga vere basera på inngåtte partnerskapsavtalar. Leiinga av forumet må leggjast til egna person på høgt nivå i kommuna. Vedkomande har dedikert ansvar for å sikre løpande innovasjon, engasjement og verdeskaping over tid gjennom opne møte- og arbeidsplanar.

c) Formell forankring

Den formelle forankringa skjer gjennom folkevalde beslutningar, bestillingar og godkjenningar i ordinære folkevalde møte. Målsettinga med denne forankringa er å gi naudsynt ryggdekning og skjerming for utviklingstiltaka, sjå tiltaka i samanheng med øvrige tiltak for lokalsamfunnsutvikling i Volda og motverke at særinteresser vert tekne omsyn til på bekostning av fellesskapsinteressene. Administrasjonen må løpande halde folkevalde organ orientert om sentrumstiltaka si utvikling – kva som er gjennomført, kva som pågår og kva som er under planleggjing.

Forankringa må dokumenterast i form av folkevalde vedtak basera på faglege innstillingar. Sentrumstiltaka må ha sin forankring i vedtteken kommunal planstrategi, planprogram og sporast i ajourført kommuneplan (strategisk del og handlingsdel med økonomiplan). Alternativt i temaplanen for sentrumsutvikling i Volda.

